

To nye lærarar in spe - frå Iowa!



studentane frå Iowa omkransa av sjuandeklassingar

Denne veka har det skjedd noko historisk på skulen vår. 2 lærarstudentar frå paddeflate Iowa midt i USA har sluttat seg til lærarstaben og Caitlin (21) og Jennifer (22) blir her i 8 veker Det er fyrste gongen det er lærarstudentar her, men allereie no tyder alt på at opphaldet skal bli vellukka.

Men både sjuandeklassingane og Iowa-jentene er spente på kva som vil skje torsdag for då skal dei på fjorden med Hardangerjakta Mathilde!



Kontaktlærar Brit Hjetland har eit positivt inntrykk av studentane

Det er 8 studentar som har kome til Kvinnherad frå USA i denne omgongen og 2 er plassert også i Omvikdalen og Rosendal. Caitlin Wampler og Jennifer Smock går i same klassa ved skulen som ligg i Ames, men dei kjem frå byane Independence og Cedar Rapid og ikkje frå det jordbruksmiljø som pregar Iowa.. Skulen deira er ikkje akkurat nokon liten lærestad - den har 25 000 studentar og det er halvparten av folketetalet i byen. Caitlin er arveleg belasta ettersom faren også er lærar. Han er i den vidaregåande skulen og den tek dottera også siktet på. Det er mange av norsk avstamming i Iowa, også med røter i Kvinnherad og Uskedalen, men røtene til jentene er mest å finna i Tyskland og Irland..

Dei hadde valet mellom Noreg og Indonesia for deira utanlandsopphald og Noreg vann stort sett på vakker natur og kultur men også på det inntrykk dei to hadde av at vi er 'a relaxed country'. Dei to kom like før helga og det er begrensa kva dei så langt har lært og opplevd, men dei har i alle fall rukke å bli skikkeleg sjokkerte over matprisane. Dei bur hos Hatteberg i Rosendal.

Etterkvarthåpar dei å læra norsk samstundes som elevane lærer meir engelsk av jentene. Det vil vera det viktigaste utbyttet av opphaldet. Kontaktlærarar er Brit Hjetland og Terje Helleland og Brit er svært optimistisk framfor opphaldet til studentane. Så langt har ho opplevd dei som positive, hyggelege og fleksible og ho er overtydd om at alle parter vil få godt utbytte av dei 8 vekene.

Når det gjeld fritidsaktivitet er Iowa ein snøstat med kald vinter men jentene er relativt ukjente med skisport og ser fram til å komma i Fjellhaugen. Men først skal dei altså på fjorden i ein staseleg gamal båt. Det blir også ei ny oppleveling - det er ikkje så lett å sigla i Iowa!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen